



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 27.02.2019
Vår ref: 17/00210-28
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Nesbø Hellegneissone gbnr. 92/1, 2, 93/1, 3, 13 og 123/19 i Granvin herad. Tiltakshaver: Granvin Maskinstasjon AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon, datert 31. januar 2017.

1. Konsesjonen

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 31. januar 2017 frå Granvin Maskinstasjon AS (org. nr. 951 849 871). Granvin Maskinstasjon AS (org. nr. 951 849 871), heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av natursteinforekomst i Nesbø Hellegneissone på eigedommane gbnr. 92/1, 2, 93/1, 3, 13 og 123/19 i Granvin kommune. Mineralforekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 124 daa og går fram av vedlagte kart «Nesbø Hellegneissone konsesjonsområde».

Etter reguleringsplan «Reguleringsplan Nesbø hellegneissone», planID 1234 2013 001, vedtatt 2. mai 2018, er området regulert til steinbrudd og masseuttak.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

2. Vilkår

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2 Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 310 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 327 500, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Nesbø hellegneissone. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyring

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Granvin herad, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Norges vassdrags- og energidirektorat, samt aktuelle naboar. DMF har motteke høyringsfråsegn frå Granvin kommune, Fylkesmannen i Hordaland og naboane Leif Arne Nesbø, Hans og Eli Øydvin og Aud Gurine Erga. I tillegg har det kome inn eit samla høyringsfråsegn frå Jon Spildo Prestegard, Olga Nesbø Prestegard, Harald Midttvedt Kløve, Elisabeth Midttvedt Kløve, Roy Helge Nesbø Prestegard, Marianne Prestegard og Inger-Lise Prestegard.

Høyringsperioden var frå 23. mars 2017 til 28. april 2017.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Granvin herad

Granvin herad er etter ein omfattande reguleringsplanprosess godt kjende med tiltakshavar og deira driftsplan for natursteinbrotet Nesbø Hellegneissone. I reguleringsplanen er det lagt klare føringar for driftstider og avbøtande tiltak for mellom anna støy, støv og avrenning. Føresegna sett og krav til istandsetting og revegetering. Utover dette har det i vedtak av 4. januar 2017 vorte satt krav om oppfølging av grunntilhøve gjennom ryste lsesmålinger og geotekniske vurderingar. Heradet har og forpliktet seg til rutinemessige synfaringar og oppfølging under drift.

Granvin herad har derfor ingen merknader til søknad om driftskonsesjon for Nesbø Hellegneissone.



DMF sin kommentar

DMF tek Granvin herad si høyringsfråsegn til etterretning.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland viser til at uttaket er nær eit viktig lakse- og sjøaurevassdrag og at mineralutvinninga kan føre til forureining i form av både støv, støy og avrenning til vassdrag. Verksemda må derfor søke til Fylkesmannen til løyve. Viss verksemda produserer mineralavfall, må det utarbeidas ein avfallsplan, som skal godkjennes av Fylkesmannen.

I fall verksemda også skal drive knuseverk, gjeld kapittel 30 i forureiningsforskrifta. Her er det sett krav til utslepp til vatn og utslepp av støv og støy. Alle knuseverk skal meldast inn til Fylkesmannen.

DMF sin kommentar

DMF føreset at tiltakshavar varetek dei reglane som Fylkesmannen i Hordaland påpeikar og tek høyringsfråsegna til etterretning.

Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE har medverka som høyringspart i reguleringssaka. I etterkant av høyringa er NVE blitt kjende med at nabo har teke opp som problemstilling om spregning i uttaksområdet kan føre til auka fare for steinsprang og utglidingar av ustabile massar. NVE kjenner ikkje til om denne problemstillinga pr. no er kvittert endeleg ut.

Utvinningsområdet ligg vendt mot landsskapsrommet som inneheld det verna Granvinvassdraget. NVE er opptekne av at det vert lagt vekt på å minimere landsskapskonsekvensane av drifta.

DMF sin kommentar

Dei spørsmål som reises av NVE er vareteke i samanheng med reguleringsplanen for massetaket. DMF tek derfor høyringsfråsegna til etterretning.

Leif Arne Nesbø

Som grunneigar ser Nesbø svært positivt på tiltaket. Nesbø meiner at uttaket vil ha lite å si for miljøet. Anlegget ligg langt frå vassdrag og det er planlagt miljøtiltak som dekkar dette. Støv og støy er ikke til sjenanse, som nabo merkar Nesbø lite til dette. Alle målinger viser at dette er innanfor gjeldande normer. Nesbø ser positivt på tiltaket og ynskjer det velkommen.

DMF sin kommentar

DMF tek høyringsfråsegna til etterretning.

Hans og Eli Øydvin

Basert på erfaringar som er gjord etter den vel to år lange prøvedrifta, er Øydvin sterkt imot at det vert gjeve konsesjon vidare steinuttak i Nesbø Hellegneissone. Støyplagane var betydelege, og hadde fylgjeleg stor negativ innverknad på Øydvin sitt bumiljø.

Det vart utført støymålingar i løpet av prøvedrifta. Desse målingane var imidlertid gjennomførte heilt i utkanten av bebyggelsen på Spildo, og ikkje oppe ved husa som ligg tvers over for steinbrotet. Målingane vart gjennomført med eit sandtak som



bakgrunn. I bakkant av bebyggelsen er det berg/fjell, noko som gjer at ein får tilbakeslag/ekko av lydar frå steinbrotet.

Øydvin har også kommentarer knyttet driftstiden slik den er fastsatt i kommuneplanen.

Øydvin henvisar til konsesjonssøknaden hvor det hevdas at det aktuelle området er naturleg godt skjerma og drifta vil representera eit mindre topografisk inngrep. Sannheita er at det ligg i eit trangt dalføre, med grenda Spildo på den eine sida og steinbrotet på den andre. Det fins absolutt ingen naturleg skjerming. I botnen av dalen ligg elva som tilhøyrrer eit verna vassdrag. Aktiviteten i steinbrotet vil og ha negativ påverknad for området ved Skjervsfossen.

Øydvin ynskjer ikkje at det vert gjeve konsesjon til vidare drift i steinbrotet, på grunn av ulempene/skadeverknadane det fører med seg. Den daglege støyen er utvilsomt med å gje redusert livskvalitet. Det vil også være visuelt svært skjemma. Det vil være meiningslaust at eit prosjekt som dette, skal kunne øydeleggja den plassen me bur på.

DMF sin kommentar

Øydvin peikar på forhold som alle er teke opp i samanheng med reguleringsplanen for masseuttaket. Det er Granvin herad som er reguleringsstyremakt etter plan- og bygningslova og som alt har vurdert desse forholda. DMF tek derfor høyringsfråse gna til etterretning.

Driftstidene er nå regulert til 0700-1600 på kvardagar (måndag-fredag), med moglegheit for lasting av murstein og ferdigvare frem til kl. 1900. Laurdag er det tillate med transport og lasting av massar kl. 0800-1500. Boring, sprenging, pigging og knusing er berre tillate måndag-fredag 0700-1600. Drift er ikkje tillate søndag og helgedagar. Det skal vere full stopp (2+2 veker) i fellesferien. Det vises til reguleringsfråsegnene for uttaket punkt 3.1.1 bokstav D.

DMF tek høyringsfråse gna til etterretning.

Aud Gurine Erga

Erga anfører at saka frå byrjinga har hatt ein heller rar fremgangsmåte. Som grunneigar langs tilkomstveg, både over og under veg, blei Erga ikkje kontakta om omregulering av den gamle toglinja. Me mottok ikkje brev i saks før no i siste innstans i sakshandsaminga.

Erga har spurt om grusmasser kan fjernast frå tinglyst overgang tilhøyrende vår gardseigedom utan at noko har skjedd. Erga finn det og underleg at noen kan bruke linja som dei vil, sjølv om her er sett opp bom og at linja brukast som lagringspl ass av landsbruksutstyr og campingvogner. Ein av desse har ikkje eingong eigedom på den sida av dalen, mens Erga ikkje har tilkomst pr. i dag. Erga vil ha tilgang til landbrukseigedom for å ta ut vedaskog.

Det er og underleg at det ikkje er tatt hensyn til verken folks helse eller den spesielle naturen i dalen. Tilkomstveg endar også rett ut i sykkelveg og den einaste tilrettelagde turistseverdigheten i bygda. Her er stor turisttrafikk og her kjem til å bli kaos og farlege situasjoner.



Natur og dyreliv er her ikkje tatt hensyn til endå det er verna vassdrag og tilførsle bekkar. Her er blant anna freda fuglar og raudlista plantearter.

DMF sin kommentar

Forholda knyttet til natur og dyreliv, naturen i dalen og folks helse er teke opp i samanheng med reguleringsplanen for masseuttaket. Det er Granvin herad som er reguleringsstyremakt etter plan- og bygningslova og som alt har vurdert desse forholda. DMF har og gjort eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 26. oktober 2017 og 14. februar 2019), som og er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Når det gjeld forhold knytta til fjerning av grusmasser, tilgang til linje og tilgang til landbrukseigedom, er dette forhold som Erga må følgje opp sjølve. DMF tek høyringsfråsegna til etterretning.

Jon Spildo Prestegard, Olga Nesbø Prestegard, Harald Midttvedt Kløve, Elisabeth Midttvedt Kløve, Roy Helge Nesbø Prestegard, Marianne Prestegard og Inger-Lise Prestegard

I høyringsfråsegna framhevas at det har vore stor motstand mot planane for steinbrot, blant anna på grunn av erfaringer gjort under prøvedrifta. Reguleringsplanen for området er klagt inn for Fylkesmannen i Hordaland og at klagen ligg der til handsaming.

Høyringspartane meiner at følgande punkter må vektleggjas av DMF:

- Tryggleik for bebuarar på Klyve og Spildo (utglidning av leirmassar for ras frå fjellet)
- Støy og støvplager fra bebuarar på Klyve, Spildo, Jørdre og Kolskår/Skår
- Forringa livsskvalitet for råka naboar – lite attraktivt som buområde, dvs store konsekvensar for bumiljøet i fleire grender
- Verknader for turisme – det er lagt ned store summer i Skjervet (over 20 millionar), og det harmonerar dårleg med å ha ei naturoppleving med eit støyande steinbrot som nabo
- Verknad på husdyr (knusestøv på gras til for og beiting, verknad på drektigheit)
- Fare for ureining av verna vassdrag samt verknad for biologisk mangfald – vidare at dalføret pga. vassdraget også er verna for et slikt inngrep
- Området er karakterisert til å vera av stor regional verdi – ref Hordaland fylkeskommune sitt tilsvaret på høyring av reguleringsplanen
- Kompetansen hjå tiltakshavar – er denne god nok? Kva utdanning og erfaring har personellet? Vilje/evne til å etterleva løyver og pålegg. Erfaringane etter prøvedrifta samt arbeid i ettertid, er at tiltakshavar ikkje har den kompetansen som trengs til slikt arbeid
- Eit steinbrot passar ikkje inn i et trangt dalføre der det bur folk og det er levande grender

Konklusjon:

Ut frå det føregåande er høyringspartanes klare tilbagemelding at det ikkje må verta gjeve driftskonsesjon for Nesbø Hellegneissone. Konsekvensane er for store for miljøet, og er dessutan for dårleg dokumentert samt at ein stiller spørsmål ved tiltakshavar sin kompetanse.

DMF sin kommentar



Høyringsinnspellet tek opp forhold som er behandla under arbeidet med reguleringsplana og den påfølgande klagehandsaming. Det er Granvin herad som er reguleringsstyremakt etter plan- og bygningslova og som alt har vurdert disse forholda. Granvin herad sitt vedtak er stadfesta av Fylkesmannen i Rogaland i sitt vedtak datert 5. februar 2019.

Når det gjeld innspel angående tiltakshavars kompetanse, er dette ein del av vurderinga som DMF gjer i samband med vedtak om tildeling av driftskonsesjon, jf. dette vedtakets punkt 5.6.

DMF tek høyringsfråsegna til etterretning.

5. DMF si vurdering

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1. Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram avtalar med grunneigaren/grunneigarane for dei aktuelle eigedomane, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalane gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

5.2. Arealmessig status for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 124 daa og går fram av vedlagte kart «Nesbø Hellegneissone konsesjonsområde».



Reguleringsplana for uttaket, «Reguleringsplan Nesbø Hellegneissone» (PlanID 2013001), ble vedtatt av kommunestyret i Granvin herad 2. mai 2018. Vedtaket om reguleringsplanen ble klaga inn til Fylkesmannen i Rogaland. Fylkesmannen i Rogaland stadfesta i sitt vedtak datert 5. februar 2019 Granvin herad sitt vedtak. Uttaksområdet er regulert til steinbrudd og masseuttak.

DMF ser på uttakets arealmessige status som avklart.

5.3. Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

5.4. Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 124 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 700 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 35 000 faste m³. Det er planlagt drift i to etappar. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Nesbø Hellegneissone i Granvin Herad godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5. Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.



Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6. Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Anved Lillegraven som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

I tillegg har søkjaren gitt en oversikt over annen kompetanse som tiltakshavar har tilgjengelig i føretaket, mellom anna personar med bergsprengingssertifikat og ADR-sertifikat.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7. Dei miljømessige konsekvensane av utvinning

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. I samband med planprosessen er det gjennomført ei konsekvensutgreiing som skildrar miljøverdiar i området og gjer greie for kva konsekvensar uttaket vil ha for miljøet.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 26. oktober 2017 og 14. februar 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Før oppstart av drift skal det etableras en rensepark nedanfor driftsområdet. Det er også gjort funn av flaggermus i nærleiken av uttaket. Som en følgje av dette er det i reguleringsføresegna tatt inn rekkefølgjekrav om at det skal etablerast eit habitat for flaggermus i delar av det gamle tunnelsystemet i området.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Alle masseuttak medfører en belastning på økosystem og naturmangfald i form av støy og støv. DMF vurderer at i forbindelse med reguleringsplanen er det gjennomført en vurdering av den samla belastninga på



økosystem og naturmangfaldet. På bakgrunn av denne vurderinga er det i reguleringsføresegna tatt inn vilkår knytt til renseparkar, støv og støy.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

DMF sin konklusjon

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.

5.8. Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr. Ein rekke problemstillingar knytt til støy, støv og rasfare er greidde ut i samanheng med reguleringsplanen. DMF synar til dei utgreiingane som her er gjort og føresett at dei nødvendige sikringstiltak blir gjennomførte.

Vi har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekosten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga naturstein, blokkstein, skifer og murestein. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av, det vil seie stein til bruk i uteareal, bygningar og monument.

Uttaket vil bidra til å halde oppe sysselsetjinga i lokalsamfunnet/distriktet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemd, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.

5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har nytta reknearket på utforma av DMF, og her har dei rekna med kostnadar for fjerning av konstruksjonar, masse handtering og arrondering, annen varig sikring, samt gjort eit påslag for indirekte kostnadar.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere tilfredsstillande.



Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 310 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti – oppstartsfasen

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, før drifta startar, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 327 500. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 327 500. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 327 500, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 310 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,87 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 16 år, det vil seie NOK 81 875 per år. I søknaden er



det rekna med eit uttak på 94 500 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,87 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd



Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonsleder

Thomas Furunes
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Thomas Furunes

Vedlegg:

Nesbø hellegneissone - avtale om finansiell sikkerhetsstillelse.docx



Nesbø hellegneissone - pantssettelseserklæring.docx
Nesbø hellegneissone - påkravsgaranti.docx
Nesbø hellegneissone - godkjent driftsplan.pdf
Nesbø Hellegneissone - konsesjonsområde.pdf

Mottakrar:

Granvin Maskinstasjon AS Røynsstrandvegen 20 5736 GRANVIN

Kopi til:

Anja Vagt	Spildavegen 62	5736 GRANVIN
Herbert Vagt	Spildavegen 62	5736 GRANVIN
Lars Terje Haugen	Såkvitnavegen 50	5736 GRANVIN
Anneberit Myking	Spildavegen 55	5736 GRANVIN
Bjørn Ingmar Haugen	Såkvitnavegen 7	5736 GRANVIN
David Spildo	Spildavegen 66	5736 GRANVIN
Einar Spildo	Spildavegen 9	5736 GRANVIN
Eli Øydvin	Spildavegen 61	5736 GRANVIN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Granvin kommune	Postboks 13	5733 GRANVIN
Hans Øydvin	Spildavegen 61	5736 GRANVIN
Harald Middtvedt Kløve	Spildavegen 39	5736 GRANVIN
Harald Solberg	Spildavegen 55	5736 GRANVIN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Inga Winjum Rørlie	Såkvitnavegen 5	5736 GRANVIN
Jon Spildo Prestegard	Spildavegen 50	5736 GRANVIN
Kjetil Seim	Spildavegen 46	5736 GRANVIN
Leif Arne Nesbø	Såkvitnavegen 11	5736 GRANVIN
Nils Haugen	Såkvitnavegen 52	5736 GRANVIN
Nils Helge Nesbø	Grevlesvegen 22	5710 SKULESTADMO
Olga Nesbø Prestegard	Spildavegen 50	5736 GRANVIN
Per Gunnar Erga	Skjervevegen 401	5736 GRANVIN
Ragnhild Windsrygg	Såkvitnavegen 90	5736 GRANVIN
Sveinung Såkvitne	Såkvitnavegen 90	5736 GRANVIN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301 OSLO